



Vinde- treet



2007

Sogeskrift for Vindafjord
16. årgang

948.349
(Vindafjord) Vi

Den gamle kyrkjegarden i Vikedal

Eli Opsal

Køyrer du mellom Vikedal og Imsland bør du ta deg tid til å stoppa på Søndena, eller Sunnanå, som ein seier i daglegtale, og rusla ein tur ned til den gamle kyrkjegarden der.

Her har vore kyrkjegard heilt sidan mellomalderen, og du kan formeleg kjenne at staden oser av historie. Her låg også kyrkjene i Vikedal i gamal tid, ja kanskje heilt frå 1100-talet har her stått kyrkjer. Den siste kyrkja var ei langskipskyrkje som vart riven i 1883. Då vart det bygd ny kyrkje litt lenger opp i bygda. Grunnen til at den nye kyrkja vart bygd

ein annan stad, var at plassen her ved gamle kyrkja var for liten.

I krypten under den gamle kyrkja låg fleire medlemmer av adelsfamilien von Krogh i Hogganvik. Dei var balsamerte og låg i kister der. Det går ennå historier på folkemunne om konfirmantane, medan dei gjekk og les, alltid måtte lura seg ned i krypten i kyrkja og letta litt på kistelokka for å sjå dei balsamerte. Det var sjølv sagt ikkje lov, men svært spanande for ungdommen.

Då kyrkja vart riven, vart von Krogh familien gravlagde på den gamle kyrkjegarden. Grava er dekkja av ei stor steinplate, der navna



Den gamle kyrkjegarden ligg vakkert til ved garden Søndena, like aust for Vikedal sentrum.



Desse to jernkorsa er blant dei eldste minnesmerka me finn på den gamle kyrkjegarden. Dei nesten 200 år gamle korsa over to medlemmer av von Krogh familien, syner at nokre familiar hadde råd til å reisa eit minne over sine kjære. Vanlige folk hadde verken stein eller kors på grava.

er hogne ut i relieff, noko som må ha vore eit møysommeleg og pirkete arbeid.

Fleire andre gravsteinar er også laga lokalt. Her er det ikkje like lett å lesa navna som er meisla inn. Vind og vær har tært bort mykje, men steinane står som vakre bautar over både dei døde, og dei lokale steinhoggarane som laga steinane.

På eit gammalt jernkors står navnet til ein ung skulelærer frå Møre som vart fødd i 1848 og døydd i 1872. Den unge læraren drukna i elva i Vikedal den sommaren. På den tida var det store avstander frå Møre til Vikedal, så han blei gravlagt utan at nokon frå familien hans var til stades. Sommaren etterpå kom både foreldra og søsken til Vikedal, og fekk opp det vakre korset til minne om ein kjær son og bror.

Der er mange flotte jernkors på kyrkjegar-

den, mellom anna eit fint utsmykka over sokneprest M.H.Kielland som var fødd i 1776 og døydd i 1836.

Mange kjente Vikedalsætter har familiegravstadane sine her. Mange graver er dekkja av store jernplater, noko som var vanleg i byrjinga av 1900 århundret. Nokre gravstader har også jernstakitt rundt staden, men mange av desse er fjerna nå. Prangane store steinar fortel oss litt om den avdøydde si makt og posisjon i samfunnet, mens andre graver berre synes som ei lita forhøyning i terrenget, men likevel kan ein ane at her kviler også ein skjebne.

Då eg var liten var eg ofte med far på tur, og me gjekk innom kyrkjegarden, Her var ei grav han alltid ville visa oss borna. Der var verken prangande gravstein eller jernstakitt, berre ei lita forhøyning med eit gammalt sol-



Då kyrkja vart riven i 1883 , vart dei medlemmane av von Krogh familien i Hogganvik, som låg balsamerte i krypten under kyrkja, sett ned i denne fellesgrava. Grava er dekkja av ei stor steinplate, der navna er hogde ut i relieff.

kors i kleberstein stukke ned i jorda. Dette var grava til farfar hans, altså min oldefar, og solkorset skulle fylgja den siste mannlege avdøydde i slekta vår. Grava til oldefar er for lengst sletta, og solkorset er nå på museet i Vikedal. Det passa liksom ikkje inn på den nye kyrkjegarden der farfar, og far, har sine graver.

På vestsida av kyrkjegarden ser ein ned på Kyrkjehølen. I rektig gamal tid rann elva ut mellom dei to campingplassane ved sjøen i Vikedal.. Dette omårdet blir ennå kalla gammelos. Ved et voldsomt regn og uvær om lag på 1500 talet grov elva ut store deler av den gamle kyrkjegarden og mange kister vart tatt av flaumen og ført ut i fjorden. Samstundes braut også elva seg nytt leie, der den i dag renn ut i fjorden. Området som i dag vert kalla Holmen, vart liggjande som ein holme med elv på begge sider. Seinare vart alt vat-

net leia til det nye elveleiet og dermed vart kroksjøen Kyrkjehølen til. Tidligare når der var tilsig av friskt vatn i Kyrkjehølen, var der fin fisk, og eit yrande liv i vatnet. Då byggjefeltet på Søndena vart bygd, vart tilsigsvatnet leia vekk, og i dag er Kyrkjehølen nesten berre ei gjengrodd sorpehola, diverre.

På bakken ned til den gamle kyrkjegarden kan ein framleis sjå ein stein som stikk opp. Her var det nok at lensmannen og skrivaren leste sine kunngjeringar for folket etter gudstenesten i gamle dagar. Det var den tida si form for e-post og internett.

Framleis er den gamle kyrkjegarden i bruk til 1-2 gravferder i året. Her er fint og velstelt, og mykje historie ligg gøymt i den gamle bakken. Tek du deg en tur når heggen blømer kring den vakre kyrkjegarden, så får du ei fin og høgtidsfull oppleving.